



Dette er "Dønhaug-arenaen" sett frå scena. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag 28. juni er årets høgdepunkt på Dønhaug Gjestegard: Dobbeltkonserten ute med Jonas Fjeld og Henning Kvitnes – begge med band. Branningeniør Stein Kyrre Kvinge og Magne Huglen har konferert og arrangementet er godkjend på desse vilkåra:

- Konsertområdet skal vera ca. 1 mål (1.000 kvadratmeter). Det skal berre vere benkar og bord i utkanten av området (maksimalt halvparten). Det meste vil vera ståplassar. Då kan ein ha ca. 1.000 personar på området.
- Den samla breidda av rømningsveggar frå området må vere minst 1 centimeter pr. person. Det skal vere 3 utgongar, kvar på ca. 3,5 meter og vakt ved kvar port.
- Det må plasserast egna sløkkjeutstyr ved scena og bar.
- Scena er overbygd, hovudsakeleg laga av aluminium, med kryssfinerplater.
- Utanom vakter ved utgongar må det vere tilstrekkeleg med vakter til å ha kontroll på folkemengda og kunna takla uforutsette hendingar.
- Det må utarbeidast ein detaljert instruks for kva oppgåver vaktane skal ha når det gjeld branntryggleiken, både førebyggjande oppgåver og dersom ein situasjon skulle oppstå.
- Vaktane skal ha lommelykter for å rettleie gjestene ved evakuering.
- Rømningsvegane må vere opne eller kunne opnast med eit enkelt handgrep.

Av Ola Matti Mathisen